




Kviteseid kommune

Sektor for service og utvikling



Kultur og kirkedepartementet

8030 dep.
0030 Oslo

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår sakshandsamar:	Arkivkode:	Vår dato:
		S.nr: 07/282	Anne Aasmundtveit ,tlf 35 06 81 03		30.04.2007
		L.nr: 1357/07	anne.aasmundtveit@kviteseid.kommune.no		

Høyringsuttale - Bibliotekreform 2014

Her følger særutskrift av formannskapssak nr. 57/07 og høyringsuttala.

Rett utskrift.

Anne Aasmundtveit
Sektorleiar

Særutskrift til:

Kultur og kirkedepartementet 8030 dep. 0030 Oslo



Dato
22.03.2007

Referanse
07/282

Vår sakshandsamar
Anne Aasmundtveit, tlf 35 06 81 03
Anne Brit Borgen Flatin

Saksgang:

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
57/07	Formannskapet	25.04.2007

Høyringsuttale - Bibliotekreform 2014

Journalpostar i saka:

- 0 S Høyringsuttale - Bibliotekreform 2014
- 0 I Høyringsuttale frå bibliotekssjefane i Vest- Anne Borgen
Telemark og Hjartdal - Bibliotekreform
2014

Vedlegg:

- 0 I Høyringsuttale frå bibliotekssjefane i Vest- Anne Borgen
Telemark og Hjartdal - Bibliotekreform
2014

Faktiske tilhøve:

I 2004 fekk Utdannings- og forskningsdepartementet (nå Kunnskapsdepartementet) i mandat å utgreie eit samla bibliotekfelt. Premissane for arbeidet kom fram i St.meld. nr.48 (2002 – 2003) Kulturpolitikk fram mot 2014. ABM greidde ut saka på oppdrag frå departementa og kom med "Bibliotekreform 2014" 25.september 2006.

Utgreiinga er sendt på høyring med frist 01.05.2007.

Bibliotekreforma har tre hovudsatsingar:

1 – innhald og tenester

Ei hovudsatsing er å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester, skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Bibliotekas ressursar for læring, kultur- og litteraturformidling og som bidragsytarar til integrering og kulturelt mangfald skal bli styrka.

2- struktur og organisering

Sentralt her er reform av bibliotekstrukturen. Fleire bibliotek i eit område skal bli samordna til eitt, nytt bibliotek – det konsoliderte biblioteket.

3- kompetanse og forskning

Satsinga her er å styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren, biblioteka skal ha brei og oppdatert kompetanse.

Det er gjort framlegg om 28 konkrete tiltak, eitt av dei er konsolidering. Vidare er det foreslege statlege tilskot på ca. 300 millionar årleg i perioden 2008 – 2014. I tillegg er det venta at fylkeskommunane og kommunane aukar sine løyvingar.

Utgreiinga legg opp til eit større statleg ansvar for utviklinga av nasjonale bibliotektenester og generelt innanfor biblioteksektoren, også på folke- og skulebiblioteksektoren.

Sakshandsamar si vurdering:

Det er mange positive ting for bibliotekdrift i den nye bibliotekreforma, også for oss som er små. Likevel er det punkt som er verdt politisk diskusjon. For Vest-Telemark gjeld dette særleg punktet om konsolidering; samanslåing av bibliotek. Det bør vurderast om eit forpliktande biblioteksamarbeid med flat struktur kan vere den beste samarbeidsforma/konsolideringa for Vest-Telemark.

Kommentar til dei tre hovudsatsingsområda:

1 - innhald og tenester

Reforma har mange gode tiltak for å betre dei digitale tenestene ved folkebiblioteka. I tillegg blir det lagt stor vekt på biblioteket som læringsarena, der ein skal få lettare og større tilgang til sentrale, digitaliserte kunnskapskjelder (leksika, ordbøker, tidsskrift og aviser). Det skal også vere større fokus på kultur- og litteraturformidling.

2 – struktur og organisering

Reforma legg opp til ei samanslåing av mindre bibliotek. Den føreset at bibliotek med færre enn 6 – 8 tilsette konsoliderast i større einingar på tvers av kommunegrenser. Det vil seie at alle biblioteka i Vest-Telemark er i denne utsette kategorien.

Utgreiinga seier at det *vanlegvis* skal ha ei avdeling i kvar kommune, men utgreiinga seier ikkje noko om *kor stor denne avdelinga skal vere*.

Biblioteka i Vest-Telemark har alt eit godt fungerande samarbeid mellom alle dei sju kommunane. Biblioteksjefane møtast regelmessig og har faste samarbeidssaker og prosjekter. Biblioteka har felles biblioteksystem, webløysingar og katalog. Dei har gått saman om lesestimulerande tiltak for skulane mm. Denne samarbeidsforma gjer at me føler oss godt førebudde på eit samarbeid, så sant kommunane får behalde det fysiske biblioteket sitt.

Det er eigarane av folkebiblioteka, kommunane, som er ansvarlege for den økonomiske og praktiske gjennomføringa. Bibliotekreform 2014 føreset at staten yter prosjektmidlar og tilskot. Seinare driftsutgifter vil bli ei felles kommunal oppgåve.

3 – kompetanse og forskning

Reforma legg opp til strategiar som skal fornye og styrke den samla kompetansen i biblioteksektoren. Målet er ein høg, felles standard som er viktig for å løyse framtidias oppgåver og sikre brukarane lik kvalitet på bibliotektilbodet.

Bibliotekreform 2014 er eit utfordrande og tankevekkjande dokument som krev debatt. Det føreset vilje til handling og til økonomiske løft også på lang sikt. I Vest-Telemark, som alt har eit samarbeid, stiller ein spørsmål om eit hierarki og kamp om å få det konsoliderte hovudbiblioteket vil vere betre enn eit forpliktande samarbeid med flat struktur.

Rådmannen si tilråding :

1. Formannskapet rår kommunestyret til å slutte seg til høyringsuttala som er forfatta av biblioteksjefane i Vest-Telemark.
2. Kviteseid kommune ser positivt på dei fleste punkta i Bibliotekreform 2014, men krev at ved eventuell konsolidering, må kvar kommune ha eit fysisk bibliotek.

Formannskapet - 25.04.2007:

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kviteseid kommune sluttar seg til høyringsuttala som er forfatta av biblioteksjefane i Vest-Telemark.
2. Kviteseid kommune ser positivt på dei fleste punkta i Bibliotekreform 2014, men krev at ved eventuell konsolidering, må kvar kommune ha eit fysisk bibliotek.

Høyringsuttale - Bibliotekreform 2014

frå biblioteksjefane i Vest-Telemark og Hjartdal

Generelle merknader:

Bibliotekreform 2014 er ein grundig og god gjennomgang av status, utfordringar og utviklingspotensial på biblioteksektoren, og reforma peikar på mange gode tiltak for å lyfte bibliotekområdet. Utgreiinga vil derfor vere ein nyttig reiskap for bibliotekarbeidet i den enkelte kommunen, uansett utfall av handsaminga. Det er også positivt at framlegga femner om heile bibliotekområdet, inkludert skulebibliotek, og at brukaren er i sentrum.

Merknader til dei enkelte forslaga:

Vi kommenterer berre dei tiltaka vi meiner vil ha mest å seie for vårt distrikt og våre brukarar.

Innhald og tenester:

- Felles nasjonale digitale tenester: Utviklinga av slike tenester er avgjerande for bibliotek i distrikta. Særleg meiner vi Samsøk og tilgang til sentrale kunnskapskjelder via nasjonale lisensar er viktig, m.a. for å styrke biblioteka som læringsarena for t.d. fjernstudentar. På innhaldssida er det viktig at også lokalt stoff blir digitalisert.
- Litteraturformidling og ei utvida innkjøpsordning: Dette er vi svært positive til. Program for litteraturformidling og å styrke og utvide innkjøpsordningane for litteratur og andre media er mellom dei tiltaka som er viktige for å oppnå berekraftige og framtidsretta bibliotek der brukarane får tilbod på høgt og jamt nivå uavhengig av bustad. Det skisserte tiltaket knytt til formidling av litteratur som kjem til biblioteka gjennom innkjøpsordninga, vil føre til at vi kan utnytte eksisterande ressursar enda betre.

Ein føresetnad for utviding av innkjøpsordninga til også å dekkje andre media må vere at innkjøpt materiale blir tilgjengeleg for alle brukarar via folkebiblioteka (dette er ikkje ein føresetnad for t.d. innkjøp av musikk).

Struktur og organisering:

- Konsolidering: Vi støttar målet som ligg til grunn for konsolideringstanken, dvs. betre bibliotektilbod, men vi er ikkje sikre på at konsolidering og samanslåing slik bibliotekreforma legg opp til, er den einaste rette vegen. I Vest-Telemark har sju kommunar i fleire år hatt eit godt biblioteksamarbeid, m.a. har alle same datasystem, felles katalog, felles lånekort (før dei nasjonale lånekorta kom), og vi har hatt felles litteraturformidlingsprosjekt. Dette har vi greidd på frivillig vis, med små stillingsressursar og utan tilskot frå ABM. Vi meiner det må vere mogeleg å stille krav om samarbeid, men at ulike modellar kan utviklast, og utan at full samanslåing skal vere eit vilkår for å kunne få tildelt prosjektmiddel frå ABM-utvikling. I Vest-Telemark, som alt i dag har eit samarbeid der ein utnyttar kompetanse og ressursar til felles beste, set vi spørsmålsteikn ved om eit hierarki og ein eventuell kamp om å få det konsoliderte hovudbiblioteket vil vere betre enn eit forpliktande og utviklande samarbeid tufta på flat struktur og sjølvstende.

Vi er også urolege for kva ei eventuell konsolidering på sikt vil ha å seie for bibliotekavdelingane i den einskilde kommunen. Om eit konsolidert bibliotek skal gjennomførast med hovudbibliotek og avdelingar, må ein leggje vekt på at alle

kommunar får si avdeling. Sjølv med dette ser vi med uro på kor mange ”gamle” kommunar som har mista biblioteka sine etter kommunesamanslåingar. Det er kommunane som fekk hovudbiblioteket, som på sikt har fått behalde biblioteket sitt. Eitt stort og velutstyrt bibliotek i regionen er ikkje nok når avstandane er så store som i Vest-Telemark.

- Forslaget om program for skulebibliotekutvikling, med tankar om t.d. skulebibliotek-koordinator, er positivt og kan truleg virke stimulerande for å vidareutvikle samarbeidet mellom skule- og folkebibliotek i kommunane.
- Framlegget om eit program for å utvikle det fysiske biblioteket ved t.d. å ta inn att øyremerka tilskot til biblioteklokale og mobil bibliotekverksemd er bra, men ei tildeling bør etter vår meining ikkje avhenge av gjennomført konsolidering. Trådlaust høghastighetsnett i alle bibliotek er også eit positivt forslag.
- Utvikling av Norgesbiblioteket gjennom felles profilering, men særleg med felles transportordning vil vere svært viktig for oss. Det vil gi alle brukarar ein viss standard i basistilbodet og tilgang til kunnskap, kultur og informasjon uavhengig av bustad. Likevel må det sjølvstøtt vere rom for lokal tilpassing og lokalt særpreg for å møte lokale behov.
- Endring av biblioteklova til å gjelde for alle offentlege bibliotek for å sikre biblioteksamarbeidet i eit nasjonalt nettverk vil m.a. styrke fjernlånssamarbeidet, noko små bibliotek er heilt avhengige av. Det vil også styrke vårt tilbod til brukarane dersom fjernlånssamarbeidet blir utvida til å gjelde alle media. Ved ei eventuell endring meiner vi det er viktig å vidareføre gratisprinsippet og kompetansekravet i gjeldande lov.

Kompetanse og forskning:

Kompetanseauke, gjerne nettbasert, for å lyfte alle bibliotek opp til ein høg, felles standard er viktig og nødvendig for å løyse framtidens oppgåver og sikre brukarane lik og god kvalitet på tilbodet.

Andre merknader:

Bibliotekreform 2014 er eit utfordrande, tankevekkjande og omfattande dokument som krev debatt og føreset vilje både til handling og til økonomiske lyft også på lang sikt.

Gjennomføring av tiltaka krev løyvingar frå staten, men også frå bibliotek-eigarane ved kommunar og fylkeskommunar. Dette må til om ein skal sikre at alle geografiske område skal kunne gje innbyggjarane sine eit betra bibliotektilbod i tråd med intensjonen i reforma. I det vidare arbeidet må ansvar og oppgåver kome tydeleg fram. Det er også viktig at oppgåver som dagens fylkesbibliotek utfører, blir vidareført dersom/når fylkeskommunen blir borte.

Gjennomføring av strategiar og tiltak i Bibliotekreform 2014 vil gje eit etterlengta lyft for biblioteka. Det treng vi for at brukarane skal få eit godt tenestetilbod i både tettbygde og griskrendte strøk.